# DEN NORSKE KYRKJA
## Voss kyrkjelege fellesråd

STØRST AV ALT

Kultur og kirkedep, Kirkeavdelingen
Pb 8030 Dep
0030 OSLO

Dok.nr: 203
Arkiv nr:008.0
Voss: 01.09.08

dok 296

Kultur- og kirkedep.
KI
Saksnr. 200800738 Dato 3.9.08
Kode KI - 501 Beh. ..........

***Høyringsuttale om Demokrati i kyrkja.***

Voss kyrkjelege fellesråd har i møte 22/8-08 vedteke følgjande uttale:

1. Valordninga til soknerådsval kan vere som i dag utan å endrast.
2. Valordninga til Kyrkjemøtet. Framlegget om å la den leke del av kyrkja få ein romslegare plass i valrodninga til kyrkjemøtet er eit framsteg. Kontakten mellom bispedømeråda og kyrkjemøtet vert også styrka.
3. Auke tal leke medlemer til Kyrkjemøtet. Tanken om å utvide kyrkjemøtet med ei tal leke deltakarar, vil styrkja demokratiet. Ei tilpassing av mandatfordeling i høve til medlemstalet i dei ulike bispedøma er rett.
4. Valalternativ og preferanseval. Fellesrådet er skeptisk til oppsett med alfabetisk oppsette vallister. Utnemninga av nominasjonskomite må også ha breid aksept i kyrkja for at den skal virka demokratiserande. Preferanseval, det at veljaren sjølv kan rangera dei nominerte, er eit viktig punkt.
5. Auka bruk av direkte val. Fellesrådet finn det naturleg at ein ved vala i 2009 og 2011 gjennomfører forsøka som er omtalt.
6. Anna.
    a. Fellesrådet finn det rimeleg at stemmerettsalderen i kyrkja er den same som for andre offentlege val.
    b. Presesfunksjonen. Fellesrådet har ikkje sterke meiningar om dette, men kjenner på at det er, og har vore ei utfordring for kyrkjemedlemene at biskpoane opptrer så lite einsarta.

Med helsing

For Voss kyrkjelege fellesråd
Hans Soldal
Hans Soldal
(kyrkjeverje)

Kyrkjekontoret
Magasinvegen 35
Postb 562
5703 Voss

Tlf 56523880
Fax 56523881

E-post: post@voss.kyrkja.no
www.voss..kyrkja.no